

Møteprotokoll

Utval: Kinn kontrollutval
Møtestad: Flora Samfunnshus - Speilsalen
Dato: 02.12.2021
Tid: Kl. 09:00 – 13:15

Medlemmar som møtte

Aud Norunn Vig
Helen Hjertaas
Kjell Heggen

Representerer

Funksjon

medlem
medlem
leiar

Forfall

Bjørn Hollevik
Tom Andre Hopland

Representerer

Varamedlem

Rune Otto Nilsen
Bjarne Holme

Representerer

Andre som møtte

Vest kontroll:

Jostein Støylen. Dagleg leiar
Astrid Landsverk Sande. Konsulent
Jorunn Sandal. Spesialrådgivar

Kommunen:

Ola Teigen. Ordførar. Gikk under sak 64 OS 16.
Terje Heggheim. Kommunedirektør. I sak 64 OS 18/21 og OS 19/21.
Berit Seljeseth Osa. I sak 64 OS 20/21. Var på møtet, men ikkje i sakene 64 OS 17, 66 og 67

Nordfjord Miljøverk IKS:

Sven Flo. Styreleiar. I sak 64 OS 16/21.
Inge Bent Arnestad. Administrerande direktør. I sak 64 OS 16/21.

Bordgleder KF:

Halvor Halvorsen. Dagleg leiar. I sak 64 OS 17/21.

Rune Otto Nilsen fekk permisjon og gikk etter sak 66.

Sakene vart behandla i denne rekkefølge:

61, 62, 65, 63, 64 OS 20 – OS 16 – OS 18 – OS 19 – OS 17, 66 og 67.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
61/21	Godkjenning av innkalling og sakliste	21/509
62/21	Godkjenning av protokoll	21/509
63/21	Skriv og meldingar	21/509
64/21	Orienteringar	21/509
65/21	Offentleggjering av opplysningar unnateke frå søkjarliste	21/523
66/21	Vedtaksoppfølging kontrollutvalet	21/509
67/21	Saker til eventuell seinare behandling	21/509

Måløy, 13.12.2021

Kjell Heggen
Leiar

61/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Leiaren får fullmakt til å tilpasse rekkefølga i behandlinga av sakene i høvet til dei som skal møte for å orientere.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

62/21 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

63/21 Skriv og meldingar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
21/21	Frå Kommunal rapport - Kontrollutvalget er lite egnet som varslingsmottak
22/21	Frå Kommunal rapport - Mener dataangrep kunne vært hindret med enkle midler
23/21	Frå Kommunal Økonomi - offentlege søkjarlister
24/21	Innsyn i norske kommuner - Åpenhetsbarometeret 2021

Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Behandling:

Skriv 24/21 Leiar i kontrollutvalet orienterte om saka, då dokumentet ikkje var tilgjengeleg før møtet.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

64/21 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
16/21	Nordfjord Miljøverk IKS - orientering og årsrekneskap 2020
17/21	Øk.-utvikling Bordgleder Kinn Kommune KF
18/21	Orientering om avtale med Bistro To Kokker og Samfunnshuset
19/21	Forsikring ved eventuelle datainnbrot?
20/21	Compilo som avvikssystem

Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitende.

Behandling:

OS 20/21 Compilo som avvikssystem. Berit Seljeseth Osa orienterte, svara på spørsmål og viste oppbygginga og korleis systemet virka. Orienterte også om Compilo som varslingsssystem. Viser til streaming av saka i kontrollutvalsmøtet.

Pause.

OS 16/21 Nordfjord Miljøverk IKS. Administrerande direktør Inge Bent Arnestad og styreleiar Sven Flo orienterte, samt svara på spørsmål. Viser til powerpoint som ligg på saka, samt streaminga på kontrollutvalsmøtet.

OS 18/21 Bistro To Kokkar. Kommunedirektøren orienterte. Han opplyser at avtalen vil vere i hamn i løpet av januar måned 2022.

OS 19/21 Forsikring ved eventuelle datainnbrot? Kommunedirektøren orienterte og svarte på spørsmål. Han framheva viktigheita ved at kontrollutvalet tok opp temaet. Han jobbar vidare med saka og vil oppdatere kontrollutvalet i neste møte, då inklusivt spørsmålet der tilsette og politikarar brukar sin eigen identitet for innlogging (bankid).

Lunsjpause.

OS 17/21 Øk.-utvikling Bordgleder. Dagleg leiar Halvor Halvorsen orienterte og svara på spørsmål. Signal er at underskotet i 2020 er snudd til eit positivt resultat. Utover dette blir det jobba med rapportering som skiljer sal og inntening mellom dei kommersielle kundane og sal til Kinn Kommune inklusiv heimebuande eldre. Viser elles til streaminga av saka på møtet.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

65/21 Offentleggjering av opplysningar unnateke frå søkjarliste

Vedtak:

1. Kinn kontrollutval finn at administrasjonen ikkje har brote teieplikta likta si i denne saka. Det er derimot sannsynleg at det ligg føre brot på plikta til å respektere kommunal avgjerd om unnatak frå offentleg innsynsrett i medhald av offentleglova § 25.
2. Kontrollutvalet ber difor administrasjonen om å:
 - gå igjennom reglementet og rettleiar for tilsetjing vedkomande meiroffentlegheit ved

tilsetjingssaker

skjerpe rutinar rundt informasjon om teieplikt ved tilsetjingssaker.

Behandling:

, foreslått av ,

Helen Hjertaas kom med følgjande forslag til vedtak:

1. Kinn kontrollutval finn at administrasjonen ikkje har brote taushetsplikta si i denne saka. Det er derimot sannsynleg at det ligg føre brot på plikta til å respektere kommunal avgjerd om unnatak frå offentleg innsynsrett i medhald av offentleglova § 25.

2. Kontrollutvalet ber difor om at administrasjonen går gjennom reglementet angående offentlegheit rundt tilsettingssaker. Skjerpar rundt info om taushetsplikt overfor søkjarar i tilsettingssaker.

Kjell Heggen kom med følgande tillegg på punkt 2 i endringsframlegget frå Helene Hjertaas som lyder: ...tilleggssaker og rettleiar for tilsetting.

Etter at Helen Hjertaas har lagt inn endringsforslag vart det pause. Etter pausen sette Kjell Heggen fram forslag om ei tillegg til Hjertaas sitt framlegg på pkt. 2.

Avstemming: Hjertaas sitt forslag med tillegget til pkt 2 frå Hggen vart sett opp i mot forslaget frå dagleg leiar. Dagleg leiar sitt forslag fekk 0 røyster og det korrigerede forslaget frå Helene Hjertaas fikk 5 røyster og vart dermed vedtatt.

Dagleg leiar si tilråding:

Kinn kontrollutval finn det sannsynleg at det ligg føre brot på plikta til å respektere kommunal avgjerd om unnatak frå offentleg innsynsrett i medhald av offentleglova § 25.

Av omsyn til vanskane med å påvise kjelda til lekkasjane, og at det difor heller ikkje kan avgjerast om det ligg føre brot på teieplikt, vel kontrollutvalet ikkje å gå vidare med saka.

66/21 Vedtaksoppfølging kontrollutvalet

Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Behandling:

Sekretariatet opplyste at det vil verte ein total gjennomgong av kontrollutvalet sine saker i samband med behandlinga av kontrollutvalet si årsmelding for 2021.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

67/21 Saker til eventuell seinare behandling

Vedtak:

1. Sekretariatet kjem med tilbakemelding vedkommande kommunale foretak og interkommunale foretak sine tilhøve til offentleglova og arkivlova.
2. Kontrollutvalet vedtek at det vert sett opp eit ekstraordinert møte den 09.12.2021 kl. 14:00 digitalt (Teams) for å behandle forvaltningrevisjonsrapport; Arbeidssituasjonen i pleie- og omsorg. Kontrollutvalet føreset at rapporten vert behandla i kommunestyret den 14.12.2021.

Behandling:

Sekretariatet informerer i eit seinare møte om kommunale foretak og interkommunale selskap sine tilhøve til offentleglova og arkivlova. Det må haldast eit ekstraordinert møte i kontrollutvalet tidleg i desember i høve behandling av forvaltningsrevisjonsrapport. Dette for å imøtekomme kommunestyret sitt ynskje om at denne vert behandla i kommunestyret 14.12.2021.